



NORSK INSTITUTT FOR  
BUNAD OG  
FOLKEDRAKT



# Årsmelding 2012

Norsk institutt for bunad og folkedrakt  
Valdresmusea as

## **Oppsummering**

Staben har vore produktive og synlege på mange nye arenaer, med mange feltarbeid. Digitaliseringa av samlingane har vore prioritert.

Det har i 2012 blitt produsert ny brosjyre og faldar for NBF.

Studiet Drakt og samfunn 2 måtte avlysast pga lågt søkeretal og manglende finansiering.

Stian Roland vart tilsett som ny leiar for NBF frå 1. april 2012. Bodil Enger var konstituert som dagleg leiar fram til ny leiar var på plass.

Økonomisk har det vore noko trонge rammer pga stadig aukande personalkostnader.

Nytt Bunad- og folkedraktråd er i 2012 oppnemnt av Kulturdepartementet. Det er også utarbeidd nye retningslinjer for Bunad og folkedraktrådet.

## **DEL I ADMINISTRASJON OG REKNESKAP**

### **1.1 FORMALIA**

Bunad- og folkedraktrådet (BFR) vart frå 1. januar 2008 organisert under Valdresmusea as (VM), regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea. Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtekten for VM er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet behold namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

Det faglege arbeidet skjer i fagstaben ved NBF, men ein har tilgang på supplerande fagkompetanse og driftspersonale i staben ved museet.

### **1.2 OFFENTLEG INSTANS**

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. NBF avleverer til Arkivverket/Riksantikvaren etter avtale». Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda var tidlegare organisert direkte under KUD, og har valt å halde fram med same rutinar ang. post og arkivering som tidlegare.

### **1.3 ADMINISTRASJON**

**Anne Marit Noraker**, direktør Valdresmusea as, overordna ansvar

**Bodil Enger**, konstituert dagleg leiar for NBF fram til 31.03.2012. Frå 01.04.2012 og ut året i stilling som kontorfullmektig/ fagkonsulent

**Stian Johan Roland** tilsett som instituttleiar for NBF frå 01.04.2012

**Valdres Rekneskap AS**, rekneskapsføring

**Angela Bot**, reinhaldar

Museet sine vaktmeistrar og handverkarar etter behov

### **1.4 ØKONOMI**

NBF har eige budsjett. Leiar har ansvar for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. før registrering og betaling. Direktøren ved VM attesterer for dagleg leiar sine reiserekningar. Det er utarbeidd eige administrasjon - og økonomiinstruks for VM.

Det er ein del inntening ved stordrift gjennom innkjøp, større kundeavtalar m.m. I rekneskapen for 2012 er ein del postar spesifikke, medan ein del er % -vis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. Deriblant lønnskostnadar knytt til reinhald og vaktmeistertenester.

Personalkostnader utgjer også i 2012 den største delen av utgiftene til NBF. Kostnadar knytt til reise/opphold på feltarbeid, samt datakostnadar er også blant dei største postane på utgiftsida. Særskilt for rekneskapsåret 2012 var kostnadar knytt til ny brosjyre og faldar for NBF, samt innkjøp av nytt fototutstyr og ein del endringar i kontorlokala. Gjennom driftsavtale med KulturIT har NBF support, innkjøp av materiell, programvare og drift. Vi disponerer tre lap-toppar for bruk i feltarbeid og anna arbeid i samband med reiser. Desse er kopla opp mot Primus og server, slik at ein kan legge registreringar direkte inn i Primus. Dette reduserer mykje av etterarbeidet knytt til feltarbeid.

Styret vedtek ein årleg sum for innkjøp av modellbunader til samlingane. Dette ligg i reskontroen og samlast over fleire år om det ikkje blir brukt. Det har i 2012 ikkje vorte brukt noko på innkjøp av modellbunad.

Økonomisk ramme for 2012 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på **kr 3 670 000**, og det var kr 70 151 i eigne inntekter. Den totale ramma i 2012 var slik kr. **3 740 151**. Stoda for 2012 var om lag som i 2011 med ein prosentauke frå KD tilsvarande prisauke (4 %).

## **DEL II INSTITUTTET**

I 2012 har Norsk institutt for bunad og folkedrakt hatt 5 faste heiltids stillingar:

<b>Stian Roland</b>	Instituttleiar, frå 1. april
<b>Tordis Gjevre</b>	1. Konsulent
<b>Kristin Gulbrandsen</b>	Fagkonsulent
<b>Camilla Rudrud</b>	Formidlingsansvarleg
<b>Bodil Enger</b>	Kontorfullmektig/ Fagkonsulent*

\* Fungerte som dagleg leiar i 100% stilling fram til 1. april, deretter i 80% fast stilling.

Frå juni og ut året har instituttleiar vore delvis sjukmeldt pga av tennisalboge. NBF har difor leigd inn ein del ekstra hjelp gjennom året.

### **Engasjement i 2012:**

**Ragnild Ranheim Lome** har gjennom året arbeida 20% som **arkivassistent** knytt til konvertering av cardbox-registreringane og utlegging av registreringane på Digitalt Museum.

**Solfrid Trydal** har arbeida halvanna månadsverk (sumarjobb+ feltarbeid).

**Reidun Fløgstad** har arbeida med digitalisering i tidsrommet fram til 31.mars. Til dette engasjementet vart det brukt av ledige lønnsmidlar fram til ny leiar var på plass.

**Torgeir Bolstad** har arbeida med foto, digitalisering i 50% stilling frå 18. september.

**Alice Gudheim** har arbeida eit vekesverk med digitalisering.

**Marie Berger** har arbeida eit vekesverk med mønsterarbeid.

**Lill-Monika Espeseth** har frå 4. juni arbeidd med digitalisering og kontorarbeid som arbeidstreningsstiltak gjennom NAV.

**Maria Lund** (pensionist) har arbeida som frivillig ved NBF på eige initiativ, spesielt med fotosamlinga.

**Margunn Søyland** (pensionist) har arbeida som frivillig ved NBF på eige initiativ med biblioteksamlinga til NBF.

## **DEL III MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSOMRÅDE**

### **1. HOVUDMÅL**

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forsking og formidling av folkedrakt og bunad. Jfr. avtalen mellom Valdresmusea og KUD skal NBF "Arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og framstilling av bunader og folkedrakter i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særegne kvalitetar" (pkt.3.1). Vårt hovudmål er å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturuttrykk, og bruk og tilverking av desse draktypane.

### **2. DELMÅL**

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber følgjande delmål for institusjonen (nivå 1):

- Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gje råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

## **2.1 Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av dokumentasjonssamlingane.**

### **2.1.1 Gjennomføre minimum fire feltarbeid med primusregistrering**

#### REGISTRERING

Me har i 2012 gjennomført 4 større og 4 mindre mindre feltarbeid. Feltarbeid i 2012 tilsvrar 92 dagsverk + etterarbeid. Fylgjande feltarbeid har vore gjennomført i 2012:

Hemsedal	23. – 27. april	381 reg.
Setesdal	04. – 08. juni	284 reg.
Norsk Folkemuseum	27. juni	11 reg.
Sør-Troms	18. juni – 21. juni	206 reg.
Hedalen	13. august	55 reg.
Rendalen	10. – 14. september	347 reg.
Etnedal	01. – 02. oktober	66 reg.
Vest-Telemark	08. – 11. oktober	343 reg.
Vestre Slidre	23. – 25. oktober	80 reg.
Norsk Folkemuseum	11. desember	50 reg.
<u>Registrert innkome på kontoret</u>		<u>129 reg.</u>
Totalt tal på registreringar på feltarbeid		1823 reg.
Registert innsamla materiale gjort av Bygdekvinnelaget i Hemsedal		341 reg.
<u>Registert innsamla materiale gjort av frå Nore /Uvdal på åttitalet</u>		<u>612 reg.</u>
Total tilvekst pr. 31.12.2012		2905 reg.

**Pr. 31.12.12 har NBF totalt 70673 registreringar. Tilveksten i 2012 er på 2905 registreringar**

Ein del av registreringane som vart utført i 2011 har ikkje blitt innført i Primus. Dette fordi det ikkje er nok ressursar i forhold til arbeidsmengda instituttet har med dette. Ferdigstillinga vil skje i løpet av 2013.



*Ei venekote (penisvarmer), NBF på feltarbeid i 2012.*

## FOTO

I 2012 kjøpte NBF inn nytt fotoutstyr. Gode foto av gjenstandane er viktig for vidare arbeid med registreringane. All fotografering blir gjort digitalt. I tillegg blir det gjort eit stort arbeid med å digitalisere alle gamle filmnegativar.

	2010	2011	2012	
<b>NBF si fotosamling pr. 31.12</b>	<b>268 758</b>	<b>276 445</b>	<b>282 729</b>	
Analoge bilde	91 350	91 350	91 350	Konstant
Analoge bildekopiar fått frå andre	623	623	623	Endring
Digital fotograferte bilde	120 301	127 988	134 272	Endring
Svart-kvitt negativar	34 475	34 475	34 475	Konstant
NBF lysbilde	20 731	20 731	20 731	Konstant
Foto e. Klara Semb	524	524	524	Konstant
Foto e. Norsk bunadleksikon	754	754	754	Konstant
<b>Tilveksten på nye foto pr.31.12</b>		<b>7 687</b>	<b>6 284</b>	
Nye registreringsfoto			5 115	
Foto frå Bygdekvinnelaget i Hemsedal			364	
Foto frå Sunnfjord museum			655	
Nye foto til gamle registreringar frå Cardbox		2 691	150	Stipulert
Div (modellbunader, saksbehandling, saumforklaring. m.m.)			200	Stipulert
<b>Digitaliserte bilete (skanning av filmnegativar) pr. 31. 12</b>	<b>43 073*</b>	<b>47 858</b>	<b>65 897</b>	
<b>Årleg tilvekst av skanna bilete</b>	<b>17 850</b>	<b>4 785</b>	<b>18 039</b>	
<b>Filmnegativ som ikkje er skanna</b>	<b>47 639</b>	<b>42 854</b>	<b>24 815</b>	

\*Me fann ein tellefeil frå 2009 etter at innrapportering av arkivstatistikk på [www.abmstatistikk.no](http://www.abmstatistikk.no) vart gjort i mars 2012. Tala her er meir korrekte.

## MØNSTER

### Pr. 31.12.12 består NBF sitt mønsterarkiv av 1014 mønster

Originalmønster m. saumforklaring	404
Graderte mønster	122
Skisser	465
Vev- og broderimønster	23


### Tilveksten i mønsterarkivet er i 2012 på 30 mønster.

Akershus	Revidering av kjol (m)
	Serk (k)

Østfold	Trøye (k), gradert
	Lue (k)
	Lue (k)
	Lue (k)
	Halverme (k)
	Halverme (k)

Valdres	Liv (k)
	Liv (k)
	Trøye (k)
	Trøye (m)

Knebukse (m)	
Setesdal	Trøye (m) Vest (m) Bukse (m)
Numedal	Bukse (m) Vest (m) Trøye (m)
Tinn	Trøye (m)
Aust-Telemark	Trøye (m)
Telemark	Bukse (m) Bukse (m)
Øvre Hallingdal	Trøye (m)
Nedre Hallingdal	Livstakk (k)
Åmli	Trøye
Østerdalen	Lue, Kviknebunaden (k) Lue, Kviknebunaden (k)
Rogaland	Broderimønster
Nordland	Kjoleliv (k)



### 2.1.2 Digitalisering av samlingane

Me held framleis på med å rydde etter konvertering som vart gjort frå Cardbox til Primus i 2010. Kvar registrering lyt korrekturlesast og få rett nemning, presisert nemning, draktområde og eigar.

NBF har i 2012 lagt ned eit stort arbeid i å vidareutvikle ein nomenklatur til registrering av folkedraktmateriale i Primus. For at registreringane skal bli søkbare og mogleg å finne att, lyt ein vera konsekvent på kva slags betegnelsar ein brukar. Nomenklaturet skil på hovudbetegnelsar og presiserte betegnelsar som er like for heile landet. I tillegg deler ein ofte inn i andre alternative betegnelsar eller dialektnamn på gjenstandane. Dette nomenklaturet vil kunne vera ei god hjelpe for andre (td musumstilsette) som arbeider med registrering av folkedraktmateriale.

I år er vi kome eit godt stykkje på veg med oppryddinga i Primus. Det har blitt lettare å søkje i Primus etter at vi har rydda opp i stadnamn, draktområde og betegnelsar, samt eigarskaplista. Dette forenklar identifiseringa av Cardbox-registreringane og fysiske registreringskort. Me har arbeidd mykje med dei ulike bruksfunksjonane i Primus og har dialog med KulturIT i arbeidet med å gjera Primus meir brukarvenleg og effektivt.

Me har i 2012 ikkje publisert fleire registreringar på [www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no). Dette har bakgrunn i at det tek tid å korrekturlesa registreringane før publisering.

Dette er eit langvarig prosjekt. Me har som mål å få publisert ei betydeleg mengde registreringar på [www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no) i løpet av 2013.

For å unngå for mange ulike system i arkivet har me gitt ein del registreringar nye nummer i 2012. Dette gjeldet frå starten på digitaliseringa frå 2005 – 2007. I tillegg har bildene til registreringane frå Numedal fått nye nummer som samsvarar med resten arkivsystemet vårt som kommuniserer med Primus. På sikt vil dette forenkle masseinnlegging av biletet i Primus.

#### ***Tilveksten på scanna bilde i 2012 er 18039 bilde.***

Gjenståande registreringsfoto (som ikkje er scanna): 709 filmar à 35 bilde =24815. Me har fått gjort ein stor innsats på skanning av biletet i 2012. For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få skanna biletet til alle registreringane.

#### **2.1.3 Reorganisere stoff- og kjeldearkiv**

Nye stoff/materialprøver er henta inn og stoffarkivet har vorte meir oversikteleg med fleire hengeprøver. Det står framleis att å finne ein god måte å skilje mellom det som er gått ut av handelen og det som til ei kvar tid er tilgjengeleg.

#### **2.1.4 Anna**

- **Pr. 31.12.12 har NBF 24 dvd-ar.**  
Alt materiale i andre format vart konvertert til dvd i 2009.  
Det var ingen tilvekst på DVD `ar i 2012.
- **Pr. 31.12.12 har NBF 53 modellbunader og 8 folkedrakter.**
- **Pr. 31.12.12 har NBF 892 plaggdelar i eige.**  
Av desse er tilveksten i 2012 på 13 plaggdelar av tidelege utgåver av bunadar, gitt som gáve frå privatpersonar.
- **Pr. 31.12.12 har NBF 1096 bøker, 705 tidsskrift og 770 småskrift.**  
Gjennom året er no heile biblioteket registrert, og kategorisert, slik at dei er søkbare på nett.  
Tilveksten har i 2012 vore på 64 nye bøker, tidsskrift og småskrift.

## 2.2. Formidle kunnskap frå arbeidet og om fagfeltet

### 2.2.1 Ny NBF brosjyre

Det har vore eit hovudmål for NBF å få produsert ei ny brosjyre våren 2012. Dette har vore eit omfattande arbeid, men NBF har no ei grundig brosjyre på 35 sider. Denne fortel om fagfeltet og om NBF sitt arbeid. I tillegg vart det produsert ein enkel faldar. Brosjyre og faldar vart designa og trykt av firmaet Velour i opplag på 2000 og 3000.

#### Kva er bunad?

17. mai går tusenvis av bunadskledd menneske i gatene for å feire at Noreg fekk sin eigen grunnlov i 1814. Med bunaden viser ein tilhørsle til både heimbygda og landet. I eit moderne samfunn med raske endringar blir det stadig viktigare å vise tilknyting til familien og slektsrotene.

Den allmennene brukten av bunader i Noreg er eit elneståande fenomen i Europa.

Medan ein i andre land tygj og frenst brukar bunader i samband med folkedansen, er bunad i Noreg festplagg som blir brukt av folk flest, unge og gamle. I dag er det flest kvinner som brukar bunad, men stadig fleire karar får sydd seg slike klede.

Nordmenn har brukt bunad i ulike hove og til ulike formål i over 100 år, og det finst rundt 450 drakter som går under namnet bunad, ei samling som er svært rik og mangefaldig. Kortleis og i kva grad bunadene byggjer på dei gamle folkedraktene, har variert mykje.

Vi bruker nemninga folkedrakt om dei tradisjonsbundne draktene som folk på landsbygda brukte i det førindustrielle Noreg. Bunad har derimot fest- og høgtidsdrakter som har sitt opphav i folkedraktene, men som blir brukte av moderne menneske som går i moteprega klede til daglig.



Ø.t.h.: Under kampen mot dei såkalla monsternamnene i Harsanger brukte demonstrant Gunnar Folkestad harsanger-bunaden sin som kampemblem.  
Foto: Magne Hageseter 2011

N.t.h.: To jenter i rekonstruerte bunader fra Øvre Vindres, i eldste tid hadde barna gjerne same slags klede som dei voksne. Foto: Lalla Duran

#### Bunadkategoriar

Bunadene delast inn i grupper, alt etter kva bakgrunn dei har:

1. Bunader som representerer siste ledd i ei folkedraktutvikling. Folkedrakta, særleg til fest- og høgtidsbruk, fekk etter kvart ny interesse og funksjon som bunad, utan å ha gått ut av bruk.
2. Bunader som har bakgrunn i ei folkedrakt som var gått av bruk, men som ikkje var gløymd. Trass i at folkedrakta hadde gått ut av bruk, visste mange i store drag korleis ho hadde vore. Til dels laga ein nye plagg etter dette, og til dels brukte ein gamle plagg.
3. Bunader som er systematisk rekonstruerte på grunnlag av bevarde, gamle folkedraktplagg, frå same område, periode og draktyp. Desse bunadene er rekonstruerte frå ei folkedrakt etter at drakta var gått ut av bruk. I rekonstruksjonsprosessen har ein nytta kjelder som fortel om draktypen, t.o. skriftlege opplysningar, tilleststoff og munneleg tradisjon.
4. Bunader som er laga på grunnlag av eit tilfeldig og mangelfullt gammalt draktmateriale. Dei delane ein ikkje fann førebile til, har ein utforma i stil med resten av drakta.
5. Bunader som heilt eller delvis er fritt komponerte. Enkleite av desse har trekk frå folkedraktmaterialet, medan andre har henta inspirasjon frå ulike typar gjenstandar eller andre plagg.



Bunad & Folkedrakt 9

### 2.2.2 Drakt og samfunn 2

Våren 2012 vart det laga ei eiga brosjyre for Drakt og samfunn 2 av HiOA og formidlingsansvarleg. Denne vart sendt ut til alle tidlegare studentar ved Drakt og samfunn 1. Det vart likevel for få søkjavar til Drakt og samfunn 2 hausten 2012, og NBF vart nøydt til å avlyse studiet. Det er likevel inga tvil om at interessa for studiet generelt er stor i landet. NBF arbeidar med ulike forslag til eit nytt studium.

### 2.2.3 Arbeide for praktisk opplæring

I 2012 vart Bunadopplæringa etter avtale med Studieforbundet Kultur og Tradisjon, invitert til Fagernes. NBF underviste i modul 2 med småteknikkar, material- og bindingslære, saumteknikkar, samt drakthistorie. Samlinga vara ei veke og 18 elevar deltok<sup>1</sup>.

<sup>1</sup> Bunadopplæringa har vore eit samarbeid mellom NBF, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. Dei har saman tilbydd ei modulbasert opplæring innanfor bunadtilverkarfaget. NBF valde hausten 2011 å trekka seg ut av det vidare samarbeidet i Bunadopplæringa. NBF stiller seg sjølv sagt stiller oss positive til å bli brukt i ulik undervisnings- og foredragssamanheng vedrørande den vidare kursrekke.

#### **2.2.4 Artiklar i Valdres-avisa**

Våren 2012 publiserte NBF ein artikkelserie på 5 artiklar i lokalavisa i Valdres. Formidlingsansvarleg skreiv artiklar om NBF, draktakvarellar, dåpsklede og nasjonalromantikken. Instituttleiar skreiv om rutastakken frå Valdres.

#### **2.2.5 Formidle aktivitetar gjennom nettsider**

NBF held nettsida fortløpande oppdatert om eigne, og til dels andre sine aktivitetar innanfor bunadfeltet. NBF har også eiga side på Facebook. NBF får særleg stor merksemd ved publisering av foto og informasjon om dei ulike feltarbeida.

#### **2.2.6 Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil**

Nettverket har ikkje hatt nokon samling i 2012. Etter anbefaling frå Bunad- og folkedraktrådet laga formidlingsansvarleg forslag om eit nytt nasjonalt dokumentasjonsprosjekt. Hausten 2011 vart det send ein søknad til Norsk kulturråd, og NBF vart tildelt 95,000,- til utarbeiding av kursrekkefører for drakt og tekstilkunnskap, samt primusopplæring for museumstilsette. NBF sökte etter nye midlar hausten 2012 for gjennomføring av kursrekkjene i 2013, og fekk tildelt kr 150 000.

#### **2.2.7 Anna**

- 13. januar 2012 hadde NBF og VM eit felles møte med dei tilsette ved SIKA frå Maihaugen, på Valdres folkemuseum. Formålet var at dei to institusjonane skulle bli betre kjende med kvarandre sitt arbeid, og drøfte mogleg samarbeid.
- 18. – 22. februar var Laila Durán ved NBF for å fotografera ulike bunadar til bokserien "Scandinavian Folklore".
- 24. februar deltok formidlingsansvarleg på 1. samling i Bunadopplæringa i Rauland, med foredrag om mellom anna bunad og folkedrakt.
- 23. – 25. mars var fungerande dagleg leiar på årsmøte og fagseminar i Norsk Folkedraktforum.
- 18. – 19. april held instituttleiaren eit innlegg om "metodar for arbeid med handlingsbåren kunnskap" på fag- og utviklingseminar på Hardanger og Voss museum, Utne.
- Våren 2012 vart NBF spurt av Hadeland Glasverk om dei ville sette opp ei bunadutstilling på glasverket sommaren 2013. Formidlingsansvarleg har hatt totalt 3 møter med marknadsdirektør Kari S. Roll-Mathiesen og Elin Hammer frå glasverket. Planlagt opning er mai 2013.
- 26. april var instituttleiaren i møte i Oslo med fagutval for bunad i Norges Husflidslag,
- 13. mai deltok formidlingsansvarleg på utstilingsopning og boklansering av Laila Durán si siste bok "Scandinavian Folklore II" på Norsk folkemuseum i Oslo.
- 22. – 23. juni laga formidlingsansvarleg omvisarhefte og gav opplæring i omvising i bunadutstillinga til alle sumartilsette ved Valdres Folkemuseum.
- I juli skreiv formidlingsansvarleg tekst om Hulda Garborg og den tidlige bunadshistoria for Valdres Folkemuseum, som del av utstillingen "Folkemusikk og nasjonalisme". Tekstane vil bli publisert i samband med utstillinga 2013.
- 13. juli fekk NBF besøk av Kjærsti Gangsø og Linda Aaboen frå studieforbundet Kultur og Tradisjon og Marit Jakobsen, direktør for Norges husflidslag. Tema for møte var nettverksbygging og moglege samarbeidsprosjekt.

- Under Jørn Hilme-stemnet på Valdres folkemuseum i juli 2012, tilbydde NBF to aktivitetar; arkivkveld og kurs i strikk av pulsvarmarar.
- 6. – 10. august vart Nordisk draktseminar vart arrangert i Varö, Finland. Tre tilsette ved NBF deltok. Instituttleiaren vart sjuk og kunne ikkje delta. Noreg bidrog med foredrag ved Bjørn Sverre Hol Haugen, "Sentrale aktører i bunadshistoria" og Magny Karlberg , "Rekonstruksjon - anvendt forsking". Camilla Rudrud held eit mindre foredrag om Hulda Garborg som nasjonal strateg. Tema for seminaret var "Bunadshistoria i kaleidoskop". Deltakarane vart ønska velkomne til Noreg i 2015 av NBF, som òg presenterte forslag til tema for neste seminar, "Symbolikk".
- 13. – 14. september var det eit tverrfagleg seminar på Valdres folkemuseum om "Den store og den lille tradisjonen". NBF bidrog med eit innlegg "Folkedrakt og borgarleg klede" og "Eit utøvarperspektiv på det innsamla materiale til L. M. Lindemann".
- 22. – 23. oktober. Instituttleiaren deltok på Norsk kulturråd sin konferanse om Immateriell kulturarv i Trondheim.
- 24. oktober. Instituttleiaren heldt innlegg om arenabygging for immateriell kulturarv på SIKA sin konferanse om "Fagmetodikk i praksisfeltet - metoder og arbeidsmåter for å vidareføre, sikre og overlevere immateriell kulturarv i dagens Norge".
- 31. oktober var Nord- Aurdal ungdomsskole var på besøk hjå NBF og fekk omvisning i bunadutstilinga og i arkivet. Dei fekk og høyre korleis NBF arbeider med registrering av eldre plagg.
- 16. - 18. november held NBF fagseminar for Norsk folkedraktforum med djupdykk i rokokkomote i folkedraktene for kvinner. Foredrag og praktisk gruppearbeid.
- 28. november var NBF på møte med Noregs Ungdomslag, Noregs Husflidslag, Norsk Folkedraktforum for å diskutere arenabygging/tilskiping av fagdagar for bunad og folkedrakt.
- Det vart skrive nytt innleiingskapittel om NBF i Norsk bunadleksikon av formidlingsansvarleg. Den nye teksten er ein presentasjon av arbeidet ved NBF. Tidligare tekst om NBF sine meininger om og standpunkt til leksikonet, samt eiga definisjon av bunad vart endra/ fjerna.

#### **NBF har i 2012 fått mediadekning i følgande presse:**

##### **AVIS/TIDSKRIFT**

- 13. april: "Fillene kan være en skatt", artikkel i avisas **Valdres**.
- 20. april: "Dåpstradisjonar", artikkel i avisas **Valdres**.
- 27. april: "Flintoe på reise i Valdres", artikkel i avisas **Valdres**.
- 04. mai: "Rutastakken frå Valdres", artikkel i avisas **Valdres**.
- 11. mai: "Nasjonaldrakta frå Hardanger", artikkel i avisas **Valdres**.
- 28. april: **Hallingdølen** intervjuar NBF om feltarbeid Hemsedal.
- 15. mai: **Aftenposten** intervjuar NBF om bunadsbruk blant konfirmantar.
- Juli: **Setesdølen** (temaavis for Setesdalsmuseet) skreiv om NBF sine årlege feltarbeid i Setesdal.
- 5. juni: **Vest-Telemark blad**: NBF "Kulturhistorisk registrering", om feltarbeid i Vest- Telemark.
- 27. september: **Artikkel i Avisa Valdres**: "På jakt etter kulturskattar i Etnedal".

Det har også vorte skrive reportasje i ulike lokalaviser i samband med feltarbeid i Troms og Vestre Slidre.

Det har i 2012 også vore to intervjuportrett av den nye instituttleieren. Dette var i bladet Husflid og magasinet Bunad.

#### RADIO/TV

- **Aktuelt på NRK 2**, 14. mai: Instituttleiar i debatt med Cecilie Eskild frå "Heimen Husflid" og Henning Kumle frå "Bunader For Menn" om norsk bunadproduksjon.  
<http://www.nrk.no/nett-tv/klipp/846871>
- **God morgen, Norge på TV2:** 14. mai deltok formidlingsansvarleg saman med representantar frå Norsk folkedraktforum. Tema var stell av bunad, om arbeidet ved NBF og om rekonstruerte bunader.
- **NRK Østnytt og Norge i dag:** 15 mai, Intervju med NBF om hovudplagg:  
<http://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-oestnytt/dkop99051512/15-05-2012#t=12m8s>

I tillegg har det vore mange telefonar og epostar frå både nasjonale og lokale aviser, tv og radio der NBF har bidrige med faglege innspel.

## **2.3. Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å gje råd om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader.**

### **2.3.1. Svare på konkrete førespurnader og ta i mot dei som ynskjer å besøke NBF**

I 2012 har det kome 119 e-post-henvendingar til [post@bunadogfolkedrakt.no](mailto:post@bunadogfolkedrakt.no). I tillegg har det kome mange henvendingar direkte til dei tilsette, både på e-post og telefon. Ein gjennomgang av spørsmåla viser at det også i 2012 er flest spørsmål som omhandlar identifikasjon av drakt, samt kva som er lov / høyrer til ein bestemt bunad. Det har også vore nokre spørsmål om folkedraktskikk, kvar ein får tak i bunad/ material.

NBF har hatt besøk i samband med føljande prosjekt:

Gunhild Aasen, drøfting kalemank-tøy  
SIKA, Lillehammer  
Østfold fylkeshusflidslag, rekonstruksjon kvinnebunad frå Østfold  
Synnøve Berger Kallmyr, arkivbesøk  
Magny S. Karlberg, arkivbesøk  
Bjørg Quale, arkivbesøk  
Anne Kristin Moe, arkivbesøk  
Elsa Hovrud, arkivbesøk  
Tove de Lange, arkivbesøk  
Grete Berg, lån av dokker til utsilling på Bautahaugen bygdesamling.  
Elisabeth Myhre, arkivbesøk  
Sigrun Nordby, arkivbesøk  
Irene Heyerdal Larsen, arkivbesøk  
Asta Karin Kampen, rekonstruksjon Sør-Valdres  
Jeanette Ulvedalen, arkivbesøk  
Stakkeloftet, arkivbesøk  
Ellen Fretheim, innlevering av plagg til registrering  
Gail Halvorsen, arkivbesøk  
Anne Stuvøy, arkivbesøk  
Margunn Oma, arkivbesøk  
Gunnar Moen, arkivbesøk  
Anne Marie Gullberg, arkivbesøk  
Turid Rottingen, arkivbesøk  
Inger Marit Viken, innlevering av klede til registrering  
Berit Vidme, arkivbesøk  
Bjørg A. Laring, arkivbesøk  
Fotograf Johs. Bry, opplæring foto  
Synnøve Kvam, innlevering av klede til registrering  
Silkeveven, rekonstruksjon av silketøy  
Elisabeth Bjørklund, kniplingarbeid  
Elisabeth S. Jenach/ Liv Øyen Strind, Norsk nuperelleforening  
Johanne Louise Groven Michalsen, arkivbesøk  
Åshild Liaskar, rekonstruksjon Sunnmøre (k)

### **2.3.2. Fylgje opp rekonstruksjonsarbeid**

NBF har ved fleire høve hatt rettleiingsbesøk og andre henvendingar om rekonstruksjon i 2012:

- Mannsbunad, Østfold v/Turid Gilland
- Kvinnebunad, Østfold v/Kari Filberg
- Kvinnebunad, Sunnmøre v/Bjørg Astrid Rørstad
- Kvinnebunad, Sør-Valdres v/ Asta Karin Kampen
- Kvinnebunad, Fusa v/ Else Bodil Gjøn
- Silkestoff, Silkeveven v/ Arild Hagen og Guo Yaxiang

Valdresmusea hadde i 2012 eit besøkstal på i underkant av 40 000, der ein svært stor del har sett bunadsutstillinga. I tillegg har det i 2012 vore ein del omvisningar for særskilt interesserte grupper på om lag 170 personar.

I 2012 var det totalt om lag om lag 150 einskildpersonar, studentar og forelesarar som har vore på besøk ved NBF for råd eller arbeid i arkivet.

### **2.3.3 Anna**

- Anny Strand, hospiterte ved instituttet i veke 21 og 24
- Østfold fylkeshusflidslag, mønsterarbeid og tilpassing, 13.- 14. februar
- Elevbesøk frå Nord-Aurdal Ungdomskule, 15 stk

## **2.4 Vere sekretariat for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet**

I løpet av 2012 oppnemte Kulturdepartementet eit nytt Bunad –og folkedraktråd.

*Fram til april 2012 var Bunad –og folkedraktrådet samansett av desse personane:*

<b>Kjærsti Gangsø</b> , dagleg leiar, Studieforbunadet kultur og tradisjon	-rådsleiar
<b>Kari Anne Pedersen</b> , Konservator drakt og tekstil, Norsk Folkemuseum	-medlem
<b>Kirsten Røvig Håberg</b> , Fyrstelektor, HiOA	-medlem
<b>Atle Ove Martinussen</b> , Direktør, Museumssenteret i Hordaland	-medlem
<b>Tommy Olsson</b> , Herreskreddar, kostymemaker ved Det Norske Teateret	-medlem
<b>Mari Røgmoen</b> , Fyrstelektor ved Høgskula i Telemark, Inst. for folkekultur	-varamedlem
<b>Arne Nerjordet</b> , Designar "Arne & Carlos"	-varamedlem

*Frå juni 2012 var Bunad –og folkedraktrådet sett saman av desse personane*

<b>Atle Ove Martinussen</b> , Direktør, Museumssenteret i Hordaland	-rådsleiar
<b>Mona Løkting</b> , Daglig leder bunadavdelinga, Husfliden Hamar	-medlem
<b>Petra – Mari Linaker</b> , Husflidkskonsulent, Troms	-medlem
<b>Ingar Ranheim</b> , Konservator, Valdresmusea	-medlem
<b>Ayesha Khan</b> , Sosialantropolog	-medlem
<b>Ida Tolgensbakk</b> , Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	-varamedlem
<b>Halvor Nordal</b> , Vest- Telemark museum	-varamedlem

Sidan det var skifte av råd i 2012 vart det berre to rådsmøte dette året.

### **Møtedatoar:**

Møte 1: 2012 15. mars, Oslo

Møte 2: 2012 08. november, Oslo (det nye rådet)

5. september hadde instituttleiar og kontorfullmektig/fagkonsulent eit møte i Oslo med den nye rådsleiaren. Føremålet med møtet var å planlegge oppstarten av det nye rådet.

### **Nye retningslinjer**

I samband med oppnemninga av nytt råd vart også retningslinene endra. Dette vart gjort av Kulturdepartementet med innspel frå NBF/VM og BFR.

Bunad- og folkedraktrådet har i 2012 som føregående år vore ein samtalepartnar for NBF i spørsmål som gjeld NBF sine arbeidsoppgåver. Rådet har handsama årsrapport, rekneskap og budsjett. Det har i 2012 vore nær og god kontakt mellom Rådet ved rådsleiar og Valdresmusea ved direktør og styreleiar. Rådet har i melding til Kulturdepartementet uttrykt behov for auka ressurstilgang til NBF.

Fagernes 31. mars 2013

Stian Roland  
Instituttleiar NBF

Anne Marit Noraker  
Direktør VM